

## **Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 09.11.2018**

Fellesnemnda-AU vedtok samrøystes å lukka møtet, jfr. kommunelova § 31 5. ledd, Jfr. Offentleglova § 23 1. ledd.

Representanten Jenny Følling (SP) stilte spørsmål ved leiars habilitet. Det vart føreteke ein habilitetsvurdering av leiari Anne Gine Hestetun i møtet. Dette på bakgrunn av at Anne Gine Hestetun er styremedlem i BKK AS. Hestetun trådte frå under vurderinga. Fellesnemnda AU konkluderte med at Anne Gine Hestetun ikkje var inhabil. Det var 7 representantar til stades.

**Jenny Følling (SP)** sette fram slikt forslag:

Fellesnemnda sitt AU viser til Fellesnemnda sitt vedtak av 4.05.18. AU fekk her i oppgåve å prøve å løyse opp i den usemje som kom til uttrykk i FN 8.03.18 og kome med forslag til vedtekter for det fondet som kan etablerast ihht intensjonsplanen sitt pkt. 7. Med dette som utgangspunkt vil Fellesnemnda sitt Arbeidsutval uttrykkje følgjande:

1. Arbeidsutvalet tilrår at Fellesnemnda sluttar seg til utkast til vedtekter for eit utviklingsfond for Sogn og Fjordane slik dette er oversend frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane 12.09.18.
2. Arbeidsutvalet konstaterer at det ligg til fylkestinget i Sogn og Fjordane å avgjere korleis fylkeskommunen sine aksjar i SF Holding AS/SFE AS skal handterast.

**Representantane frå Hordaland fylkeskommune** sette fram slik protokollmerknad:

Representantane frå Hordaland fylkeskommune i Fellesnemnda sitt arbeidsutval (AU - FN), Anne Gine Hestetun, Silja Ekeland Bjørkly, Terje Søviknes og Pål Kårbo, gjorde 29.10 framlegg om at dersom Sogn & Fjordane fylkesting vel å leggja alle aksjane (100 % av aksjekapitalen i selskapet) som Sogn og Fjordane fylkeskommune eig i Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) inn i Sogn og Fjordane Utviklingsfond (Fondet) frå 1.1.2020 kan dei same representantane rå til at det utkastet til fondsvedtekter som er utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune og presenterte for AU-FN den 20. september 2018 kan vedtakast utan endringar.

Desse representantane viser også til framlegg til alternativ modell med delt eigarskap til Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) m/tilhøyrande justerte vedtekter oversendt 3.november til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi konstaterer at medlemmene i Fellesnemnda sitt arbeidsutval (AU – FN) frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje har vore innstilt på å drøfte dette alternativet. Desse representantane ber om at dokumenta knytt oversendinga 3.november følgjer saka vidare.

## **Røysting**

Forslaget frå Jenny Følling fekk 4 røyster (4 representantar frå Sogn og Fjordane) og fall. 4 representantar frå Hordaland, med møteleiar si røyst, røysta mot.

## **Innstilling til fellesnemnda**

Saka vert lagt fram for fellesnemnda utan innstilling.